



«Det er ingenting vi har, som de trenger!
De vil aldri bytte bort sin fisk for vår olje!».

SIMEN SÆTRE, SIDE 33

Kultur

BØKER

Smil eller dø

Barbara Erenreichs nye bok er et flammende oppgjør med positiv tenkning.

SIDE 34




RELIGION

Krigsprofet

En rekke buddhister i Europa er klare for krig mot islam.

SIDE 32



BØKER

Lite dynamisk

Steinerskolens intellektuelle klima kan sammenlignes med kommunistiske diktaturer.

SIDE 38

Fortrenging av naturen

Arkitekturen har gjeve etter for reguleringa av naturkreftene som moderne skisport er tufta på.

Onsdag kveld innvia Anette Sagen den toppmoderne K120-bakken i Holmenkollen, teikna av JDS Architects, og markerte med det slutten på ein lang prosess. Framleis gjenstår både detaljmontering i den innvendige delen av bakken, terrengarbeid på området og ferdigstilling av enkelte tilleggsbygg, men sjølv bakkeprofilen er fullført og klar for neste helgs prøve-VM.

Bakken ser ut som ei fødande kvinne.

Det moderniserte Kollen-området er eit resultat av storstilt riving og nybygging, med ny langrennsarena og fleire mindre hoppanlegg i tillegg til hovudbakken, områdets visuelle trekkplaster. Det mest iaugefallande ved bakkens utsjånad er fagverkskonstruksjonen som kler inn hopptårn og overrenn. Over berekonstruksjonen av stål, forma i eit dynamisk sikksakkmønster, ligg ei transparent hinne som dempar verknaden av

det massive ved konstruksjonen. Vindskjermene, som er eit heilt nytt element i bakken, heng saman med fagverket og faldar seg ut frå hoppkanten og eit stykke nedover i unnarennet. Nye Holmenkollen er den første bakken i verda som er utstyrt med slike, og representerer såleis eit frampeik mot hoppporten si vidare utvikling. Skjermene gjev bakken eit langt meir monumentalt uttrykk, på grensa til det pompøse, samanlikna med den slanke elegansen som var karakteristisk for dei føregåande versjonane. Kan hende vil bakken sjå lettare og meir svevande ut viss og når det innebygde lysanlegget kjem på plass. Uklarheiter rundt finansieringa gjer at ein på det noverande tidpunkt blir frårøva denne audiovisuelle hovudingrediensen i orkesterringa av bakken.

Rier. Vindskjermene er ikkje berre ei teknologisk nyvinning, men også bakkens sentrale blikkfang. Dette er særleg markant når ein ser bakken forfrå, altså frå same synsvinkel som storparten av Kollen-publikumet vil oppleve eit hopprenn frå. Dei høgreiste skjermene kan sjå ut som sprikande føter der dei krager nedover bakken; eit kjenneteikn som fekk ein analytisk skarpsindig kollega av underteikna til å hevda at bakken ser ut som ei fødande kvinne. Det er absolutt ei treffande og interessant skildring, sjølv om det kanskje blir litt drygt å påstå at Holmenkollen frå no av må oppfattast som ein kontinuerleg fødselsrite. Men likevel, når hop-

parane kjem flygande ut mellom skjermene og nedover bakken i v-stil, er det vanskeleg å fri seg heilt frå tanken.

Dei mange teknologiske innretningane fortel om ein vintersportskultur i dramatisk endring. TV-sendte hoppkonkurransar har dei siste åra plassert seg i mellomlandet mellom sportsprogram og vërmelding, og no har arkitekturen gjeve etter for den strenge reguleringa av naturkreftene som moderne skisport er tufta på. Dette gjev eit kalkulert arkitektonisk uttrykk, og det skulle ikkje overraske om Nye Holmenkollen også er utstyrt med ein sinnrik mekanisme til å rasjonalisera vekk den legendariske Kollen-tåka. For å maksimera bakkens kapasitet, har ein grove seg djupt ned i terrenget, fjerna Besserudtjernet og på den måten endra topografien radikalt frå den gongen Holmenkollen var ein naturleg bakke, i 1892. Ein studie av dei ulike bakkeprofilane frå den gong til i dag syner korleis anlegget gradvis har omdanna området til eit temmeleg utpint stykke natur.

Lyssetting. Nye Holmenkollen blir dermed eit ikon for samtidas teknologiserte vinteridrett. Anlegget er skreddarsydd for da-

gens hoppport, men har få relasjonar til naturlandskapet det ligg i; ein paradoksal situasjon når ein tenkjer på kor viktig det var for mange å ha Noregs nasjonalanlegg for hopp akkurat her. Kor vidt anlegget blir eit nytt nasjonalikon gjenstår å sjå. Eit fullført anlegg med operativ lyssetting har absolutt kvalitetar til å kunna bli nettopp det, dersom teknologien lev opp til lovnadene, og publikum finn seg til rette. Det er i grunnen langt viktigare at bakken signaliserer eit endeleg oppgjør med den mannsbastionen som hoppporten lenge har vore. At Anette Sagen var bakkens første offisielle hoppar er forhåpentleg eit teikn på at Nye Holmenkollen kan bli eit ikon også for likestilling.

EVEN SMITH WERGELAND

Anmelderen er doktorgradsstipendiat ved Institutt for form, teori og historie på Arkitektur- og Designhøgskolen i Oslo.

ANMELDELSE

JDS ARCHITECTS
Holmenkollen
Åpnet 2010

